Leikanger barneskule
www.leikanger-barneskule.no
Telefon adm.: 57 65 26 10
Telefon SFO: 99 57 88 58






# Vekeplan for 1. steg

# veke 14

| | | MÅNDAG 4/4 | TYSDAG 5/4 | ONSDAG 6/4 | TORSDAG 7/4 | FREDAG 8/4 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 1<br>2 | 09.00<br>10.30 | **Songsamling**<br>**Samling**<br>**Tema Vår** | **Kroppsøving**<br>i Saften | **Lesing**<br>**Samling**<br>**Matematikk** | **Uteskule**<br>**i Holerunane** | **Påskeverkstad**<br><br>**Etter lunsj er me saman med fadrane på 5.steg** |
| 3 | 10.45<br>11.30 | **Matematikk** | **Tema Vår** | **Matematikk** | | |
| 4<br>5 | 12.00<br>13.30 | **Stasjonsarbeid norsk** | **Stasjonsarbeid matematikk** | **Norsk** | | |
| 6 | 13.45<br>14.30 | | | | | |



**LEKSE TIL TYSDAG:**
Ver med å finne fram gymklede og sekken din. Ta på gymklede til du kjem på skulen. Du treng gymsko, handduk, dusjsåpe og byteklede.

**LEKSE TIL ONSDAG:**

**LEKSE TIL TORSDAG:**
Ver med å pakke tursekken din. Hugs mat, frukt og drikke, sitjeunderlag, byteklede og ekstra vottar, sokkar og lue.

**LEKSE TIL FREDAG:**
Denne veka er leseleksa ein lesebingo. Lever lesebingoen til læraren din i dag.




**Vekelekse:**
**Arbeid** med lesebingoen som du finn i Lesemappa di. **Lever** Lesemappa til læraren din på fredag.

**Vaksenlekse:** Viss de treng noko av det eleven har i garderoben i løpet av påska, må de hugse å ta det med heim før de tek påskeferie 😉

| Norsk øveord: | Matematikk øveord: | English: |
|---|---|---|
| appelsin | Addisjon | Orange |
| kylling | Pluss | Chicken |
| kyrkje | Er lik | Easter Bunny |
| påskepynt | | |
| påskehare | | |

Andrea Turhus Raaen
andrea.turhus.raaen@sogndal.kommune.no
Tlf. jobb:
Mobil: 91582896

Mari Fykse
mari.fykse@sogndal.kommune.no
Tlf. jobb:
Mobil: 97137337

Leikanger barneskule
www.leikanger-barneskule.no
Telefon adm.: 57 65 26 10
Telefon SFO: 99 57 88 58




| | Dette arbeider me med denne veka |
|---|---|
| Norsk | Bokstavrepetisjon, lesing og skriving |
| Matematikk | Addisjon |
| Engelsk | Spring, Easter |
| Kroppsøving | Ballaktivitetar |
| Tema | I veke 12 - 16 jobbar me med tema **Vår**. Faga samfunnsfag, musikk, krle, engelsk, kunst og handverk, naturfag, norsk og matematikk inngår. |

## Meldingar



**Studentar**
Denne veka har me med oss 4 studentar frå HVL. Dei heiter Grethe Linn, Dania, Heidrun og Hanne.

**Kroppsøving**
Det vert kroppsøving som vanleg i Saften. Det er supert om elevane kan komme i gymklede slik at elevane slepp å bruke så mykje av kroppsøvingstida i garderoben til byting. Elevane må ha med seg handduk, dusjsåpe, byteklede og gymsko. Jentene må også ha med seg hårstrikk slik at dei slepp å bli våte i håret.

**Uteskule**
Denne veka skal me ha uteskule i Holerunane. Det vert vanleg oppstart i klasserommet med sjekk av sekkar og påkleding, før me går ned. I sekken treng elevane mat, frukt, drikke og sitjeunderlag. Vi skal ha bål denne dagen, så elevane kan ha med mat å grille dersom nokon vil. I tillegg treng elevane ekstra vottar, lue, ullsokkar og gjerne ein ekstra varm genser til å ta på når me ikkje vert varme av å gå. Me avsluttar på skulen til vanleg tid, 14.00.

**Garderobe**
Det er også fint om de foreldre tek ein sjekk av korgene og fyller på med byteklede som passar for den kalde årstida dersom det manglar. Me ser at mange treng ekstra sokkar, bukse, truse, genserar, vottar og luer no når det er vått og byrjar bli kaldt, og dette trengst det gjerne påfyll av fleire gonger i veka.

Me ynskjer dykk ei fin veke! 😊

**Andrea og Mari**



Andrea Turhus Raaen
andrea.turhus.raaen@sogndal.kommune.no
Tlf. jobb:
Mobil: 91582896

Mari Fykse
mari.fykse@sogndal.kommune.no
Tlf. jobb:
Mobil: 97137337